Førsteblad

Bondemiljö

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28

Fylke: Nord-Tröndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Lekovik

Emne: Drikk til maten til kvardags

Bygdelag: Blankbygda

Oppskr. av: Johannes Hagen

Gard: Röstad nordre

(adresse): Lekovik

G.nr. 34 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Mjölk

1 Før kaffen vart ålmen kvardagsdrykk til maten vart det brukt meir mjölk enn no, men enda var det ikkje seperatorar så det var flöytt mjölk og helst sur eller tjukkmjölk. Men sidan kaffen vart ålmen har bruken av mjölk halde seg likeins hos dei som har mjölk sjölv, medan dei som ikkje har sjölv brukar heller meir enn for nokre tiår sidan

2 Ja. men mest blanda med vatn (bleng)

3 Det vart laga mjölkbleng (mjölk og vatn) og bleng av saup og vatn. Myda som vart når dei laga gamalost, syr, dei kalla, vart nytta til tyrstedrykk blanda med vatn. På kvar gard var det eit syrkvartel som dei hadde syra i: Folk åt mykje salt mat i den tida og svitta dugeleg i onnene så dei vart tyrste

Det blir brukt mykje mindre av slik drykk no enn før

5913

## Øl

4
Øl vart brukt i slåttonna og i jula, elles om åaret vart øl lite brukt i hushaldet.

## Kaffe

5
Når kaffe vart drukke fyrste gongen i bygda kjenner eg ikkje til; men i heimen til mor mi vart fyrste kaffen drukke fyrr i 1870 åra.
6 Enda for 70–80 år sidan var kaffe berre å få sundagom og høgtids dagar på i dei fleste heimane i bygda, men kring siste hundreårs-skifte er den vorten kvardagsdrykk.
7 Ja, det er vel frå 1 til ein 4–5 gonger om dagen det, alt etter som dei er glade i denne gudedrykken. Men jammen er det til morgon:, etter middag og non, 3 gonger om dagen
8 Oftast blir kaffen haot i når vatnet kokar opp, nokre kokar han, andre igjen traktar han, some brukar salt i, men ikkje mange, skinnet av tørrfisk blir stundom brukt til klåreskinn, men er mei gått av bruk no. Dei let han stå ei stund etter kjelen er teke av varmen og klårne. Å spå i grutten er vel brukt, men mest for moro når ungdomar er samla.
9 I eldre tid var det brunsukker og sukkertopp sukker som vart brukt 5913

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emne nr 28

Drikk til maten

II



No er det tablettar og farin, eller klumpsukker og ströSukker som vi seier. I krigstida laga dei kaffesukker av farin, kokte det til plater.

10 Dei fleste brukar flöyte i kaffen, medan nokre drikk han svart. Ost i kaffen veit eg ikkje er brukt men derimot kusmiör når ein ikkje har flöyte. Egg veit eg ikkje er brukt.

## Te

11 Te kan ei ikkje seia er kvardagsdrykk. Det blir drukke lite te, mest i selskap.

12 **Brennevin**

I gamle dagar var det ein dram til åbit, og 1 dram skulle köyrekaren ha med når det var lang skogs köyring, så dei vart borte mest heile dagen. Utanom dette vart ikkje brennevin brukt til kvardags. Men når det kom ein gjest skulle han ha ein velkomst dram.

## Nyare Drykk.

13

Til kvardags blir det ikkje brukt mykje av nyare drykk, det er mest på stemner og utferder.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

5913

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING